

VEDLEGG TIL ORDENSREGLANE

Avtale om bruk av IKT-læremiddel

- Eg pliktar å bruke IKT-utstyret forsiktig og slik at det ikkje blir utsett for unormale påkjenningar eller slitasje.
- Eg pliktar å oppbevare I-Paden slik at han ikkje blir stole / mista.
- Eg/mine føresette pliktar å erstatte skade på utstyret som eg med vilje eller gjennom uforsiktig bruk, er skuld i (skadeerstatningsloven § 1-1 og §1-2)
Retningslinjer for erstatning av IKT-utstyr som blir øydelagt av elevar, er følgjande betalingssatser sett:
Elev 1.-4.klasse: Erstatningssum 300,-
Elev 5.-7.klasse: Erstatningssum 700,-
Elev 8.-10.klasse: Erstatningssum 1000,-
Desse summene gjeld for i-Pad som blir øydelagt slik at Nord-Fron kommune må erstatte med ny i-Pad for eleven. Erstatningsansvaret gjeld som elles i skulen når eleven ved vanvare eller med vilje utsett noko av skulen sitt utstyr eller inventar for slik behandling at ein kan bli halde økonomisk ansvarleg for dette. Om ein elev for andre gong blir vurdert til å ha erstatningsansvar for øydelagt iPad vil summen bli kr 2500,- (Jmf brev frå kommunalsjef 05.03.2018, ref 18/3247)
- Mistar eg lader eller ladeledning seier eg i frå til skolen slik at skolen kan bestille ny. I-Paden er leaset og må leverast tilbake med original lader, faktura blir sendt heimen i etterkant.
- Eg pliktar til einkvar tid å ha i-Paden i Otterboxen (coveret) som fulgte med.
- Eg kjem med i-Paden fullada kvar morgon.
- Eg veit at brukarnamn/passord er personlege, og ikkje skal gjevast til andre.
- Eg veit at eg ikkje har lov til å logge inn med annan brukar sitt namn/passord.
- Eg veit at all bruk av IKT blir loggført og lagra.
- Eg veit at både klassa sitt og mitt private brukarområde kan bli lest og eventuelt sletta av skulen sine lærarar.
- Eg veit at e-post som eg har sendt, kan bli spora attende til meg.
- Eg veit at læraren kan sjå skjermbilete mitt på sin eigen dataskjerm.
- Eg veit at det ikkje er lov å bruke Facebook eller andre sosiale medier, utan lov frå lærar.
- Eg veit at det ikkje er lov til å bruke apple-id på I-Paden.
- Eg veit at eg ikkje skal søkje etter, skrive ut eller lagre/bokmerke nettsider med pornografisk, rasistisk, blasfemisk, nazistisk eller kriminelt innhald.
- Eg veit at eg ikkje har lov til å bestille varer eller tenester av noko slag via Internett.

Dersom eg bryt denne avtala kan det føre til at eg mistar retten til å bruke skulen sine IKT-læremiddel
for ei stuttare eller lengre periode. Dersom dette skjer, blir føresette informert.